

Voss Utferdslag



NVE, Konesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Dykkar referanse: 201005093-10
Saksnr: 201300015

Høyringsuttale Haugamoen Kraftverk.

Voss Utferdslag har nedfelt i sine vedtekter at laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur. Av den grunn ynskjer laget å gje høyringsuttale om konsesjonssøknadane i Vossapakka.

Haugamoen Kraftverk er i eit området som er mykje nytta som friluftlivområde. Her er mellom anna T- merka stiar. I Voss og området sør / vest er dette eit av få områda som ikkje er regulert. Nær ved ligg Tesgjolo anlegget. Her kan ein sjå konsekvensane av store irreversible endringar. Haugamoen kraftverk vil medføre tilsvarande store endringar. Når røyrkata vert nedgrave med sprengt fjellgrøft mesteparten av strekket. I tillegg kjem utbetring av veg, samt at inntaksanlegget og kraftstasjon vil verta synlege inngrep for dei som ferdast i området også på lang sikt. Anlegget vil soleis gje redusert oppleving av å ferdast i urørt natur. 1000 m av elva vil ikkje lenger ha naturleg absorbering av vatn. Auka press på elva nedstraums kan oppstå, med negativ verknad vidare i vassdraget.

Vossovassdraget med Strondaelva, Bordalelvi og Raundalselva er i verneplanarbeidet plassert i verneklasse 1, med særlig høg verneverdi. Viser til NVE sin uttale gjeldande Tesgjolo utbygging:

«Fylkesmannen i Hordaland peker på at Bordalselva er uberørt av kraftutbygging, mens det finnes vannkraftverk i både Strondaelva og Raundalselva. Fylkesmannen uttalte om vassdragsvernet at «Retningslinjer for differensiert forvaltning av Vossovassdraget» er innarbeidet i kommuneplanen for Voss. Ifølge Fylkesmannen ligger Tesgjolo kraftverk i inngrepsklasse 3a i kommunens retningslinjer, områder med liten grad av påvirkning. NVE antar at Fylkesmannen her mener 3 b – den sona som ligger innenfor verneområdet. I planen har kommunen angitt eksempler på tiltak som ikke vil være akseptable i de ulike inngrepsklassene. Fylkesmannen viser også til at Rikspolitiske retningslinjer skal legges til grunn for saksbehandling når det gjelder inngrep som vil påvirke verneverdiene i vassdraget. De fremmer innsigelse til søknaden fordi de «meiner at det vil vere av stor verdi å halde denne delen av det verna vassdraget fri for kraftutbygging». På grunn av formålet med vernet er NVE er enig med Fylkesmannen i at det vil være i strid med vernet å tillate bygging av vannkraftverk i hovedstrengen av Bordalselva. Når det gjelder sideelvene mener vi derimot at det ikke skal praktiseres en slik prinsipiell holdning, men at det må gjøres en vurdering ut fra reell påvirkning på verneverdiene». (NVE 2014 – Tesjolo Kraftverk)

I prosjektet er det sagt at eksisterande veg skal nyttast. Her er forventa at det trengs ei utbetring (auka omfang) for å kunne gjennomføre utbygginga. Det er verdt å nemne at denne vegen i si tid vart iverksett utan tilstrekkelig sakshandsaming og at det var sterk motstand mot bygging. Dette av omsyn til ålmenta sine interesser.

Voss Utferdslag



Prosjekt viser til at det fins områder elles i Voss kommune som vil avbøte dette. Utviklinga viser at INON områder lokalt er sterkt minkande, mellom anna på grunna av vasskraftutbygging. Prosjektet vil føre til tap av viktig naturområde.

Dei siste åra har det vore utøvd ein politikk som har redusert tilgangen på urørt natur lokalt betrakteleg. Med bakgrunn i stor utbygging i vassdrag i Noreg, Vestlandet og området Voss kommune vil ein rå i frå konsesjon til fleire. Føreliggande søknad gir liten effekt sett i forhold til negative konsekvensar av utbygging. Her er potensielt eit stort tap av urørt natur, med inngripen i naturmangfaldet og dei konsekvensar det har for notid og framtid. Ein må og ta inn over seg at utbyggingane kan være med å endre flaumbiletet i negativ retning då det å legge vatn i røyr og tunell vil være å lede det vekk frå naturleg miljø for absorbering. Større mengder vatn, med større fart vil påverke flaumbilete rundt Vangen.

Sår i naturen vil ikkje revegeterast raskt. Inngrepa er store med bygging av røyrgate, anleggsveg, anleggsplass, kabelgrøft, og kraftverk etc. Vannjolo, Tesgjolo og Gosland utbyggingane er eksempel på kor skjemmande det vil bli visuelt og for friluftsliv. Ein ber om at ein ser Voss Kommune under eitt, med konsekvensar for totalbiletet. Me meiner at det viktig å vektlegge kor viktig av urørt natur til friluftsliv og rekreasjon.

Voss Utferdslag vil rå i frå at Haugamoen Kraftverk vert gjeve konsesjon.

Voss 09.03.2017

Richard J. Jacobsen
Styreleiar

Toril Hunnålvatn
Dagleg leiar